



Nynorsk kultursentrum

Fylkestinget i Rogaland
Fylkestinget i Hordaland
Fylkestinget i Sogn og Fjordane

Vår ref.: 443-536 OG

Hovdebygda / Fredrikstad / Vågå, 2. desember 2016

Vedtak om språk i Vestlandsregionen

Med leiande posisjonar i tre nasjonale kulturinstitusjonar bed vi innstendig om at fylkestinga no tek stilling til spørsmålet om språk i Vestlandsregionen og ikkje sender saka over til fellesnemnda for avgjerd ein gong neste år. Vi bed om at fylkestinga då vedtek at staten skal bruke nynorsk til regionen og at administrasjonsspråket i regionen skal vere nynorsk.

Høyringane om saka har gitt overveldande mange fråsegner til alle tre fylkeskommunane. Torsdag kveld 1. desember var det kome inn 603 fråsegner. Minst 469 av desse gjekk inn for nynorsk i den nye regionen. Så langt har vi funne fem fråsegner for bokmål og tre for nøytralitet.

Sjeldan eller aldri har ei høyring på regionalt nivå fått ei slik oppslutning. Nokre hovudpunkt er desse:

- Høyringsrunden viser eit sterkt og personleg språkpolitisk engasjement og stadfestar kor viktig nynorsk er for mange på Vestlandet
- Åtte av ti fråsegner går inn for nynorsk – generelt formulert eller meir presist om språk i skriv frå staten og/eller administrasjonsspråk i regionen
- Seks av ti fråsegner er skrivne av privatpersonar, og nesten alle handlar om språk. Her er det grasrota, grunnplanet, folk flest som snakkar og skriv, ikkje dei som ofte og gjerne tek ordet
- Så ulike aktørar som Bergen kommune, Sparebanken Vest, Fagforbundet i dei tre fylka, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Jæren prosti går alle inn for nynorsk

Dette inneber også at svært mange no ventar handling. I respekt for demokratiske spelereglar og dei som har teke imot invitasjonen til å engasjere seg i regionsaka, bør fylkestinga ta stilling no. Det er fylkestinga dei har valt, dei som har ytra seg, og det er til desse fylkestinga dei har vendt seg med meiningane sine. Då må ikkje dette reduserast til ei oversendingssak til eit organ ingen har røysta på.

Øystein A. Vangsnes (s)

rådsordførar Nynorsk kultursentrum

Magne Aasbrenn (s)

leiar Noregs Mållag

Mette Vårdal (s)

leiar Noregs Ungdomslag

Ottar Grepstad
direktør

